



# Bø kyrkjeblad

Utgåve 6 - Desember 2021



## Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje

**Martin  
Stærk**

915 77 038

martin.stark@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:

**Dagne  
Mo**

404 31 829

dagne.mo@mtkyrkje.no



Sokneprest:

**Axel J.  
Bugge**

454 77 020

axel.bugge@mtkyrkje.no



Prostiprest

**Tone Anne  
Hvalen**

913 80 464

hvalentonanne@gmail.  
com



Organist:

**Rolf  
Axelsen Lie**

951 83 114

rolf.lie@mtkyrkje.no



Korleiar:

**Grete  
Hasselgård Sele**

915 56 348

grete.sele@mtkyrkje.no



Trusopplærar

**Signe Vreim  
Østveit**

971 82 146

signe.ostveit@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/  
kyrkjegardsarbeidar:

**Per Johan  
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar/  
kyrkjegardsarbeidar:

**Håkon  
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar:  
**Håkon  
Mæland**

957 51 519

## Einsemd og fellesskap

Det er første søndag i advent, og heime er vi i gang med å pynte stova og kjøkkenet med lys og stjerner i vindauge for å skape hyggje.

Desse lysa og stjernene ber med seg gode minne fra tidlegare advent og jul. No hengjer vi dei opp på nytt, det minner oss om at endå eit år har gått.

I vindaugen heng den fine, kvite Betle-hemsstjerna og spreier lys, stjerna som eg kjøpte i Mo i Rana i desember 1989. Då var eg ung prest og skulle feire mi første jul utan familie. Kanskje handlar jul og advent først og fremst om tradisjonar, nostalgi og gode kjensler! Det må vere sprøsteikt svor, heimelaga, god mat og fellesskap. Samtidig lengtar vi etter noko djupare når julaftan er over, når alle pakkane er pakka opp og alt gavepapiret ligg strøydd ut over golvet, når vi er stinne av mat, då kan det hende at vi spør som barna: «Var dette alt?» «Er det ikkje fleire pakkar?»

Jo, vi lengtar etter noko meir, etter det heilage, det som skjedde denne natta og som rører ved det inste i oss, der vi er heilt for oss sjølv.

Første gongen Kristus kom, kom han som eit fattig barn, sveipt og lagt i ei krybbe, for det fanst ikkje eit herberge eller heim som kunne ta imot han. Gud sjølv blei menneske, unnfanga av Den heilage Ande, fødd av jomfru Maria. Barnet blei tilbedt og æra av fattige gjetarar og framande magikarar, vismenn som fann vegen frå det fjerne austen til Betlehem. Dei kom



med gåvene sine for å helse kongen velkommen.

Guds son kom for å ta bustad midt iblant oss, for å bli mennesket Jesus, som gjekk vegen frå krybba til krossen for å frelse oss.

I jula kan mange kjenne på ei forsterka einsemd og isolasjon. Einsemda kan vere god når vi vel ho sjølv og når vi veit at døra er open til andre, at det er familie og venner som tek imot oss. Men sjølv når vi sit saman med mange andre i hyggjeleg lag, kan vi kjenne på einsemd.

Gud har alltid vore der vi er i einsemda vår, inga menneskeleg einsemd er framand for Gud, døra til Guds hjarte er alltid open heile året!!!

Med ønske om ei velsigna julehøgtid!

**Axel J. Bugge  
sokneprest og redaktør**

# 50-års-konfirmanter

50 års konfirmantene fra konfirmantkullet 1971 var samlet til guds-tjeneste og hyggelig lag på Bø gamle prestegård søndag den 17. oktober.



- 1 rad: Tone Berit Askildt, Gjertrud Vingerhagen, Anne Hegna Råmunddal  
2 rad: May Britt Stenstad, Aud Torunn Sinnrud, Margit Haugerud, Synnøve Rulnes  
3 rad: Karin Ulvenes, Bjørg Furuvald, Bjørg Haugen  
4 rad: Hallgeir Fossheim, Roald Haugerud, Ragnar Herrefoss, Vegard Tveitan  
5 rad: Edvind Nymoen, Asbjørn Roheim  
6 rad: Magne Gaara, Olav Halstensgård, Karl Åge Liland, Svein Gunnar Kåsa, Leif Tore Bakkemoen

## Hilsen fra kirkevergen

Det nærmar seg fort jul, og eit år går mot slutten. Også dette året har vore prega av smittevern og reglar som har hindra oss i å møtast. Hausten har vore meir normal, men vi opplever på ingen måte at vi er heilt tilbake til normalen.

Det er likevel utrøeg kjekt å sjå kor mange som vil døype barna sine. Etter at samfunnet opna opp har mange tatt med barna sine til kyrkja slik at dei kan bli døypt. Det er veldig fint! Vi ynskjer alle velkommen til dåp, og dei kan melde på til dåp på nettsidene våre.

Aktivitetar for barn og unge held fram. Ein fin gjeng med femteklassingar er med på Give me five. Babysang og Musikkkleik har hatt samlingar i haust. Minikoret, Singlett og Seltin har mange korsongarar og er snart klar for Luciamorgon. Ungdomsklubben Z-ungdom har vore på tur til Tusenfryd, har prøvd pendelhopp i Grunningsdalen, testa seg på Gokartkjøring og er snart klar for julebord på Jønnbu. Søndagsskulen møtast i kyrkja med ein fin gjeng i begge gruppene. Ein flott gjeng konfirmanter blei konfirmert i september, og 49 nye konfirmanter er påmeldt til oppstart på nyåret. Orgelklubben over jamt og trutt kvar fredag. Vi gler oss også til besøk når barnehagane og skulen kjem på besøk til kyrkja før jul.

Vi ser fram til julehøgtida, og håpar at mange kjem for å feire høgtida saman. Det er gudstenester på julafatn og 1.juledag. Nytt i år er at gudstenesta 2.juledag er lagt til Jønnbu Fjellkyrkje på Lifjell. I tillegg er det gudsteneste på sjukeheimen. Velkommen til alle!

Mange kjem til gravplassen for å tenne lys på grava på julafatn. Det er ein flott tradisjon. Vi oppmodar alle som skal tenne lys om å gjere det i god tid før eller etter gudstenestene, da det er veldig fullt på parkeringsplassen. Vi oppmodar også alle om å reise innom og kaste lysa i restavfallet så fort som mogleg etterpå, da restane fort kan blåse vekk og hamne i naturen der det gjer skade.

Med ønske om ei velsigna julehøgtid!

Helsing frå  
Martin Stærk, Kyrkjeverge



# Hva betyr julen for meg?

Da jeg var liten, var det for meg gavene som var det beste med julen. I ungdomstiden var det fritiden og de sosiale mulighetene skolefri gav jeg glede mest til. Ettersom jeg eldes er det andre aspekter av julen jeg nå verdsetter mest. Nå er jeg student ved Universitetet her i Bø, og jeg flyttet hit i høst, uten kjennskap til noen andre. Selv om jeg allerede føler tilhørighet til både studentmiljøet og Bø menighet, er det ene rent fysiske og forgjengelige aspektet ved juletiden jeg nå ser frem mot, det å komme hjem til mitt hjemsted sammen med min nærmeste familie, og å senke skuldrerne og falle til ro. Ved at de ytre omstendighetene, som fullførte eksamener og fri fra skole og jobb, både for meg selv og de andre rundt meg først avtar, senker også sjelen seg lettere til ro. En får et avbryk fra hverdagen, hvor en kan hvile ut og være nær de som står en nærmest – uten ytre bekymringer som lar sinnen og tankene vandre av sted. En kan være fullt og helt til stede der en er, med de en er glad i.

Likevel er det et annet aspekt som er enda viktigere. Det åndelige aspektet. Det som utgjør grunnen til at hele vårdelen av verden settes på pause, for å feire høytid, med hvile og ettertanke. I vårt samfunn, i vår tid, er det fort gjort å glemme hva julen egentlig handler om. Nemlig at Gud kom til verden, ved at Guds evige Ånd fylte en menneskelig kropp allerede fra mors liv. Det er flere bilder og sammenligninger en kan hente ut fra denne høytiden.



Bjørn Ole Voll, 25 år fra Vigrestad på Jæren. Studerer Natur og Miljø ved Universitetet i Sørøst-Norge, campus Bø.

## Lyset som trer fram i mørket

I den mørkeste tiden av året – når solstrålene er få, løvtrærne har felt sine blader, trekkfuglene har reist til varmere strøk, summingen av insekter er stilnet og kulden biter seg fast – blir verdens lys, det sanne lys, født blant oss. Ut av mørket trer Guds Ånd frem i mennesket Jesus Kristus. Johannes skriver i sitt evangelium at Jesus Kristus er «det sanne lys, som opplyser hvert menneske ...» og at han «... var i ferd med å komme til verden» (Joh1:9). Jesus Kristus sa selv: «Jeg er verdens lys. Den som følger meg, skal ikke vandre i mørket, men ha livets lys» (Joh8:12). I den mørke tiden minnes vi at Lyset kom til oss.

## Ventetid

Den daværende verden ventet på dagen da Guds Sønn skulle komme til verden. Et mangfold av profeter hadde profetert om denne mannen, som skulle lyse opp for og lede folk tilbake til Gud. Nettopp denne ventetiden symboliseres så godt i det vi kaller advent. Adventstiden er godt kjent

som ventetiden. Vi har adventskalendere som teller ned til den store dagen. Ved å være seg bevisst på dette forlenges høytiden og en får mer tid til å reflektere over hva vi venter på og feirer.

## Den best tenkelige gave

Det siste bildet kommer av vår tradisjon med å gi julegaver til våre kjære. At våre barn ufortjent av sine jordiske foreldre mottar en gave, symboliserer det at vi på denne dagen for godt to tusen år siden mottok den ultimate gave av vår himmel-

ske Far. Gaven var at Gud i ren, ubetinget kjærlighet, lot sin Ånd bli født i mennesket Jesus Kristus, for så å vandre blant oss og være lydig inntil døden. Tross sin uskyldighet tok han verdens dom og skyld på seg, for at vi som er skyldige kunne unnslippe den straff som var uunngåelig, og slik bli forsont med Gud, så vi ved troen kan leve og ånde i den sanne, levende Gud i ewigheit. Denne verdens frelsers fødsel er det vi nå går inn for å minnes og feire.

## Det vert lovongskveldar på nyåret!

Det vil bli fint å samlast og synge lovsong saman, det vil og bli rom for ettertanke og bøn, seier Mona Skruverud. Med seg har ho Anne Cathrine Sandnes og eit band.

Me gler oss til å gjøre dette saman, og håpar at mange kjem og delar kvelden med oss! Arrangementet vert annonsert når det nærmar seg, så følg med i lokalavisa og på Facebooksida til Bø kyrkje!

Mona og Anne Cathrine vert og med og ledar songen på fellesmøte i Bø kyrkje 6. februar.



Kraftig vindkast felte dette treet på Kyrkjegården den 19. november. Dyktige kirketjenere sørget for at treet ble fjernet dagen etter.





# Det grønne skiftet

av Ulf Vege

Vi må få en politikk som fremmer livet. Politikere og andre ledere må arbeide for at vi ikke ødelegger livsmiljøet vårt. Alle er antakelig helt enig i dette. Kloden vår står i fare for å kollapse sier de mest pessimistiske. Det har ikke manglet på advarsler i flere tiår. For ca 30 år siden fikk vi ti år på å snu kurven. År etter år ble ti år gitt oss. Har noe skjedd? Vi blir mer og mer klar over farene, men gjør vi noe? I skrivende stund er det klimamøte i Scotland. Verdens statsledere med noen få unntak skal forsøke å innføre tiltak som kan «redde kloden». Det er ikke lett, men masse må gjøres på alle politiske nivåer. Vi ser at alt henger sammen. Det kanskje viktigste for alle politikere er arbeidsplasser og fremdeles økonomisk vekst. Det høres bra ut. Arbeid for alle er noe av det viktigste vi kjemper for, og rikere vil vi også gjerne bli, men er vi ikke rike nok? Ja, er vi ikke egentlig alt for rike? Skal verden og livet

reddes, må også det enkelte menneske ta ansvar. Jeg må forbruke mindre. Jeg må reise mindre. Jeg må spise annerledes. Samtidig må jeg i større grad dele med de fattige. Men hva er jeg mot et par hundre millioner amerikanere eller en milliard kinesere? Kan det vesle jeg gjør og ikke gjør ha noen betydning? Jeg tror vi rett og slett må bestemme at det enkelte menneskes gjerninger har betydning. Gå hen og gjør rett og vær gode.

Det grønne skiftet betyr mer grønn energi. Egentlig burde det bety: bruk mindre energi. Akkurat det synes ikke å være noe alternativ. Burde vi da legge Oterholtfossen i rør og bygge ut Telemarks siste urørte vassdrag, vårt eget Lifjell? Som sagt, vi er rike nok, men kanskje vi burde hjelpe fattige i Øst-Europa med ren energi? Alt henger sammen med alt. Og: leve naturen og livet der.





## Josefine Refsum på Heia, 21

*Hun står smilende i trappen og ønsker meg velkommen. Jeg lurer på hvordan en ungdom som kommer fra en by (ikke akkurat en storby, men...) liker seg langt inne på Heia.*

"Jeg skulle snart fylle 13 år da vi flyttet til Bø. Da var jeg nok litt skeptisk, men det blir bedre og bedre jo eldre jeg blir. Menneskene er hyggelige og imøtekommende, og den vakre naturen minner meg hver dag på Guds fantastiske skaperkraft."

**Du er en troende ungdom.** "Folk har kalt meg 'superkristen', så, ja, over gjennomsnittet troende. Jeg er opptatt av å leve ut kristentroen som best jeg kan; Bibelen forteller oss jo at vi skal leve slik Jesus gjorde dersom vi anser

oss hans følgesvenner (1. Johannes brev 2:6). Det er krevende, og kanskje umulig, å gjøre det fullt ut, men veldig givende. Jeg er opptatt av å elske min neste og søke Gud. Det er lett for oss mennesker å sette oss selv først, men det er Jesus som må ha førsteplassen i livene våre. Det handler om å fornekte seg selv, ta opp sitt kors og følge Jesus."

**Hvilke menigheter har du erfaring fra?**  
Er det kirker du liker bedre enn andre?  
"I Kongsvinger vokste jeg opp i den norske kirken og senere Norkirken, og nå

har jeg funnet et hjem i Bø menighet. Det var en overgang å gå fra Norkirken til Bø kirke når vi flyttet hit, men nå trives jeg veldig godt, og ser til min glede at menigheten er i vekst og utvikler seg dag for dag. Det er fantastisk å være vitne til."

"Når det gjelder ulike kirkesamfunn er jeg av den oppfatning at de utfyller hverandre, og alle har gode kvaliteter, samt områder hvor det er rom for vekst. Det jeg liker spesielt godt med den norske kirken er at vi har en fast rutine med liturgien, og at det er rom for fellesskap, samt til å trekke seg tilbake og være alene med Gud. Jeg liker også å synge salmer, som jeg opplever har et solid bibelsk innhold som har tålt tidens tann. Samtidig er jeg veldig glad i å synge lovsanger slik man gjør i pinsemenigheter og Norkirken, men jeg opplever at noen lovsanger har en tendens til å ha for mye fokus på egoet i stedet for å lovprise Gud, og tekster som mangler god teologi. Så man burde være bevisst å velge hvilke lovsanger man synger med omhu."

Intervjueren har bodd i Bø i over 30 år. I år er det første året (så langt jeg husker) at det er en aktiv studentgruppe i kirken. "Ja, er det ikke flott!" sier Josefine. "Jeg er overbevist om at det er et resultat av forbønn som har foregått i lang tid. Jeg er så glad for endelig å gå i gudstjenester med jevnaldrende og se nettverket med unge voksne kristne i Bø vokse seg større og større. Vi har faktisk laget en egen Facebook-gruppe ("Unge kristne i Bø") hvor alle unge voksne (18-ca. 30 år) kan melde seg inn

og bli med i fellesskapet vårt, uansett om man er kristen eller bare nysgjerrig eller søker - alle er velkomne. Vi har også hørt fra de unge som nå har kommet til kirken at de har følt seg veldig godt tatt i mot av menigheten, som minner oss på hvor viktig det er at kirken omfavner og inkluderer de unge som dukker opp. Ja, det er kirkens oppgave å omfavne alle med Jesu kjærlighet."

### *Hva synes du er den største trusselen mot kristentro og kirke i dag?*

Liberaliseringen av kirken som helhet. Jeg opplever at mange i kirkeledelsen fjerner seg fra Guds ord og setter kirken på feil kurs. Det virker som det er viktigere å tekkes samfunnet enn å gjøre Guds vilje, og det kan jeg ikke begripe. Kirken presses av staten og samfunnet, og bukker dessverre under presset. En del i kirken presser også på for å gjennomføre interesser som går imot Guds ord og vilje. Kirken opphører å være et moralsk kompass for samfunnet når den i stedet for å stå på Guds ord bøyer seg for samfunnets vilje. Det er trist å se."

Samtalens nærmeste slutt. Josefine er ikke bare blid og hyggelig; hun er et svært reflektert menneske som liker å være alene med sin Skaper og fundere over tro og liv. Det er flott å ha deg i menigheten. Vi håper du blir her riktig lenge.

*Intervju ved Ulf Vege*



## KIRKUS – Kyrkjeleg kultursenter sør

*Korskulen i Bø feirar neste år 25 år med song, musikk og moro i Bø kyrkjelyd.*

Grete Hasselgård Sele starta opp med barnekor og visste knapt kva aktivitet ho utløyste. No opplever Grete at barn som var med tidlegare, kjem tilbake med eigne barn for å syngje. Eit stort og flott korarbeid, med tradisjonar, har oppstått.

Eg, Rolf Axelsen Lie, blei med i arbeidet for 22 år sidan og saman har vi sett Korskulen vekse med stadig nye korgrupper for nye aldersgrupper og kurs for dei minste med babysong og musikkleik. Sist i 2019 starta vi opp orgelklubb med individuell undervisning på kyrkjeorgelet. I tillegg driv kyrkjemusikarane Bø kyrkjekor for vaksne, og korarbeidet i Korskulen er ein profesjonal korskule med åtte ulike tilbod frå babysong til vaksenkor og meir ein 120 barn og 70-80 vaksne deltek i aktivitetane.

I vår lyste Kyrkjerådet ut pengar til oppstart av regionale kyrkjelege kultursenter og vi tenkte oss raskt om og kasta oss rundt for å få moglegheit til eit neste trinn i arbeidet med kor og orgel i Bø og i regionen vår. Det var 400000,- til utdeling i ordninga, vi sökte om å få alle pengane og det fekk vi faktisk tilslag på rett før sommaren i år.

I haust har vi arbeidt mykje med å få på plass ein organisasjon for å drifta og utvikle arbeidet med senteret. Vi fekk med oss eit svært flott interimsstyre med Henrik Ødegård som leiar og 28. september stifta vi KIRKUS – Kyrkjeleg kultursenter sør. Fantastisk!

No er vi godt i gang med alt det arbeidet som må gjera for å få kultursenteret i gang og i drift. I januar er vi invitert ned til Kristiansand for å fortelje om KIRKUS på fagdag for kyrkjemusikarane i bispedømmet.

Og merk dykk helga 11.-13. februar då KIRKUS har opningshelg med program for nokon og ein kvar. Følg med på annonsering!

Grete og eg ønskjer å bruke erfaringa og kompetansen vår til å inspirere andre til å bli med på dette arbeidet med barnekor, korskular, orgelklubbar og kulturarbeidet i kyrkja. For å inspirere til kyrkjemusikalisk og kulturelt arbeid for, med og av barn og unge, vil vi rette eit tilbod til barne- og ungdomskor, orgelklubbar og instrumentalundervisning, og dessutan konserter og kulturproduksjonar. Vi opplever at behovet er stort, ikkje berre blant frivillige korleiarar, men også blant kyrkjelege tilsette på repertoar, pedagogikk og me-



todikk for ulike aldersgrupper av barn og unge. Vi har erfaring og kompetanse på føltet, og eit nettverk av andre dyktige og flotte folk, og ønskjer å formidle at det går an å drive kor og orgelarbeid blant barn og unge! Og vaksne for den saks skuld.

Bø kyrkjelyd har sett det strategisk viktige med korsatsinga og meiner at korskulen er ein av grunnspillarane i kyrkja. I tillegg til det musikalske og kulturelle ser vi at det òg er ein viktig del av kyrkja si trusopplæring. Slik er det formulert i planane:

«Gjennom songen får både vaksne og unge korsongarar eit nært og personleg forhold til kyrkja og gudstenesta, og er med på å gi kyrkjelyden eit variert uttrykk og inntrykk av trua og truslivet. Korskulen i Bø har som føremål å samle både barn, ungdom og vaksne i eit songfellesskap der den kristne bodskapen er synleg. På denne måten er korarbeidet i Bø kyrkjelyd både kyrkjelydsarbeid, trusopplæring og kunstnarisk arbeid på ein gong» Denne visjonen vil vi gjerne få vist at fungerer og håpar at KIRKUS kan

vidareformidle glede og viktigheta i det arbeidet vi får drive i Korskulen i Bø, og at vi kan inspirere andre til å ta del i det.

Framover vil KIRKUS arbeide for å få tak i meir pengar til å gjennomføre tiltak som vi håpar andre vil setje pris på og som kan byggje opp senteret til noko varig vi kan vere stolte av, både Grete og eg, og de alle. Vi har tru på at dette kyrkjelege kultursenteret kan bli eit senter til glede og nytte for mange, om vi berre byggjer Stein på Stein og får med oss mange gode krefter. Følg med vidare og bli med på moroa!



**Sokneprest Trond Inge Tappel  
frå Gimsøy og Nerset kyrkje  
kjem til Bø kyrkje søndag  
6. februar kl. 17.00 for å dele  
Guds ord med oss.**

Trond Inge Tappel har bakgrunn frå Oase-rørsla i Noreg og vil delta på felles gudsteneste med Bø kyrkje, Normisjon og Soar denne søndagen, der det er nattverd og høve til forbønn. Det blir servering etter gudstenesta med rundstykker og kaffe. Barna er med i kyrkje frå starten og så eige opplegg for Barn og unge i Tomas-kapellet. Matservering med pølser.

Dette fellesmøtet er det første i rekka saman med Soar og Normisjon. Dei neste i år er 2. Pinsedag 6.6 og 25.9 passer også å få med.



Soknediacon Ivar Solbu overtar somvikarprest frå nyttår i Bø kyrkjelyd. Vi takkar prostiprest Tone Anne Hvalen for verdifull teneste og ynskjer Ivar Solbu velkommen.

Tone Anne Valen fortsett som prostiprest i Holla og Helgen.

Foreløpig er det ikkje komen nokon søker til kapellanstillingen i Bø

**Møt Kambodsja-misjonær Ådne Berge**

Fredag 4. februar på Bø bedehus

Pizza-middag kl. 17.00 saman med Normisjon på Bø bedehus. Kl. 18.00 fortel misjonær Ådne Berge frå Normisjon om kyrkjelydens og Bø Normisjon sitt prosjekt i Kambodsja: History Makers.

For påmelding til Pizza -middag : Ruth : 959 46 207. Alle er velkomne – også til kl. 18.00 utan å delta på middag. Tweens har eige opplegg i 2. etasje.

# Å velgje ei julesalme!

Eg fekk spørsmål om å velgje meg ei julesalme. Å velgje ut ei julesalme, er for meg om lag som å skulle velgje mellom barna: altså umogeleg!

Av Grete Hasselgård Sele

Kvar salme har ulike minne knytt til seg: «Fra fjord å fjære»: Den store førjolskonserten i heimekyrkja der det var så fullt av folk at det ikkje verken var stå- eller sitjeplassar att. «Deilig er jorden»: Den ultimate stemningsskapande allsangen. «Nå vandrer fra hver en verdenskrok»: Julevandringane med forventningsfulle 1.klassingar på besøk i kyrkja. «Det lyser i stille gredner»: Songen som udiskutabelt foreiner bokmåls- og nynorskfolket i ein vakker julesymbiose. Eg kan fortsetje..... Heime hos meg blir det sunge mange julesongar på julekvelden. Mange songar med mange vers! Vi går rundt juletreet og! Gamle, unge, små og store i ein ring. Jul i stu!

Så tilbake til oppdraget: å velgje ei julesalme: eg må skjære igjennom, og valget fell på salmeboka sitt nummer 40: «Å, kom nå med lovsang!» Ei engelsk

hymne som fekk si norske oversetting av Per Lønning i 1973. Som kordirigent er det jo mykje det det handlar om, nemlig lovsong. Mitt minne om nettopp denne sangen kjem frå eg var ganske liten, og heile familien fekk vere med pappa på juleavsluttinga til Sarpsborg gymnas. Den stemninga som fylte rommet då musikklærar Borgersen leia det mektige skulekoret gjennom denne julesangen kan vanskeleg gjenfortellast, men kanskje var den med å leggje grunnlaget for min upolera lidenskap for korsong!

Som vaksen synes eg framleis det er ei flott salme, også tekstleg. Den teiknar eit fint bilet av julebudskapet: Ordet ble kjød .... Til oss er han kommet .... Ære til Gud og fred blant oss på jorden! Det er ikkje denne songen vi velgjer rundt juletreet på julekvelden, men når første juledag kjem, og nettopp denne salma blir synge i kyrkja, med orgelbrus og det heile: ja, da er det jul!

Å, kom nå med lovsang,  
jordens kristenskare!  
Å, kom nå med lovsang  
til Betlehem!  
Kom for å se ham, kongen i en  
krybbe!

*Kom, tilbe ham, Guds under!  
Kom, tilbe ham, Guds under!  
Kom tilbe ham, Guds under,  
vår Herre Krist!*

Gud evig Gud,  
og lys av lys det er han.  
Til oss er han kommet  
som bror i dag.  
Sann Gud av opphav,  
født før alle tider.

Så syng, englehærer,  
syng med salig jubel!  
Å syng myriader, i himlens slott.  
Ære til Gud og fred blant oss  
på jorden!

Herre, vi hyller deg  
som kom til jorden.  
Barn Jesus, deg hører  
velsignelsen til.  
Ordet ble kjød og bor i  
dag iblant oss.

## Tusen takk for gåver til Bø kyrkjeblad!

Tusen takk til alle som har vore med å gi ei gåve til Bø kyrkjeblad! Somme har gitt 1000 kroner, andre 500 kroner og veldig mange har gitt 200 kroner. Gud elskar ein glad givar og vi takkar for alle bidrag. Beste helsing Ulf Vege, soknerådsleiar.

Kan du tenkje deg å gi ei gåve til arbeidet med kyrkjebladet som kjem ut fire gonger i året? Då kan du betale inn 200 kroner for dette året til konto eller på Vipps (eller eit anna valt beløp). Kontonummer: 2801.53.52096, merk med «Gåve til kyrkjebladet» Vippsnummer: 632120



# Møte med barn og unge om advent og jul

Av Anne-Lene Refsum

Barneklubben, som har treff annankvar onsdag på Bedehuset, har nettopp avslutta hausten med juleverkstad for barna. Her var det ca. 30 barn mellom 4 og 9 år. Irrige hender skapte vakre lykter med glitter, konglenissar og juletre av papp, og på kjøkkenet sat små bakarar, overstrøydd med mjøl som kledeleg bevis på deltaking. Eg fekk stille nokre julespørsmål til tre av barna.

## Sveinung Hogstad-Erikstein 7 år

**Veit du kva advent er, og gjer de noko spesielt i tida før jul?**

Det er dei fire søndagane før julafstan. På søndagane les vi i ei bibelbok. Når det nærmar seg veldig jul, høgg vi juletre og pyntar det. Nokon gonger er heile familien med.

**Kva ønskjer du deg til jul?**

Nurfpistol og Nurfskudd. Eg har nokre Nurfpistolar, men eg har ingen som er mine. Eller eg har nokon som er mine, men dei er øydelagde, og Nurfskudd har vi mist.

**Kva er det beste med jul?**

Det er vel å gi gåver og spreie glede.

**Kvífor feirar vi jul?**

For det var då Jesus blei fødd. Det begynte med at Maria låg ogsov, og så vakna ho og så møtte ho ein engel og ho sa at dei måtte dra til... Og då fann



dei ingen plassar dei kunne sove, og engelen hadde også sagt at ho skulle få barnet, Guds son. Og då hadde ho ingen stad å sove, så då måtte ho sove i ein stall. Og då blei Jesus fødd. Og så kom ei stjerne opp på himmelen, og så var det mange - nokon som visste at det betydde at det var ein konge som blei fødd. Og då gjekk dei dit og gav dei gull og..



## Tonette Sønstebo Sannes 8 år

**Veit du kva advent er?**

Det er då ein begynner å tenne lyset.

**Hugsar du kvífor vi feirar jul?**

Ja, fordi vi feirar bursdagen til Jesus.

**Pleier de å gjere noko spesielt i tida før jul?**

Mamma og pappa pleier å handle julegåver. Eg pleier nokre gonger å handle vennegåver og familiegåver.

**Kva er det aller beste med jula?**

Å vere med familie og få gåver. Vi feirar jul med mormor og bestefar.



## Isabella Østtveit 6 år

**Har du gått her på barneklubben lenge?**  
Ja

**Har du vore med på juleverkstad før?**  
Ja, men eg hugsar ikkje kva eg laga.

**Kva pleier du å gjere når det er advent?**  
Eg dansar.

**Veit du kvífor vi feirar jul?**  
Ja, Jesus blei fødd på jul så då feirar vi på ein måte at Jesus blei fødd på den dagen.

**Kva ønskjer du deg til jul?**  
Bikini og mobil. Men eg får ikkje lov til å ha mobil.

**Kva skjer på julafstan heime hos dykk?**  
Vi pleier å pynte juletre og det er veldig moro, og ete masse peparkaker. Julafstan er vi nesten alle i familien bortsett frå oldemorene mine og oldefarene mine, då er vi hos bestemor og bestefaren min.

# Slekters gang frå september 2021

Døypte



26/09-2021:  
Edvind Siem Christenson



26/09-2021:  
Mats Vestgarden



26/09-2021:  
Snorre Kirkebø



10/10-2021:  
Olea Sanden



24/10-2021:  
Elida Alette Zeylon



24/10-2021:  
Rannei Pallesen-Mustikay



12/09-2021:  
Sofie Grini Bøen



12/09-2021:  
Hedda Gullbekk-Sønstebo



12/09-2021:  
Pelle Steinsland Kvift



31/10-2021:  
Jacob Ramberg



7/11-2021:  
Felix Midtun



28/11:  
Eva Maria Da Silva Hørte



28/11-2021:  
Adrian Pruse Bjørndalen

## Gravlagde/Bisettelse



- 26.10: Steinor Fiskaaen
- 3.11: Håvard Almankås
- 17.11: Ingebjørg Mæland
- 19.11: Arne Innleggen
- 23.11: Bjørn Olav Listog
- 26.11: Halvor Grave
- 01.12: Gustav Lindgren

# Z - UNGDOM

- for deg som går i 8., 9. og 10. klasse, og 1. videregående



Laurdag 29. januar: Samling på bedehuset kl. 19.00 -23.00

Laurdag 12. februar: Valentine på bedehuset kl. 19.00 -23.00

Laurdag 26. mars: Tur til Lifjell , ake mm.

For meir info sjå: bokyrkje.no

Eller kontakt : Axel Bugge tlf 454 77 020 eller Martin Stærk tlf 915 77 038



Bertelsen Nyhuus Optikk  
 bertelsennyyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,  
god fagkunnskap, oppdatert  
utstyr, topp service,  
kjente merkevarer og  
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16  
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681  
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no

TRYKKSAKER // WEB // VISUEL IDENTITET // SKILT // FOTO



Vi gratulerer med nyutgivelse av Bø kyrkjeblad,  
og takker for oppdraget med design og trykk.

## Lokalt er genialt

Bøgata 31 // tlf. 35 95 10 10 // superlativ.no



Tlf. 35 06 00 00

[www.systemblokk.no](http://www.systemblokk.no)

# POWER

Åpningstider: 10-18 (16)

Tlf: 35 06 03 50



**Tlf. 35 06 06 50**  
**Vakttlf. 480 01 222**

E-post: post@haugestolvvs.no




## Ei gave som varar eit heilt år!

Bø blad gjev deg nyheter frå Gvarv, Akkerhaugen, Hørte, Nordagutu og Bø

Årsabonnement: Kr. 1290,-  
(både papiravis og tilgang  
til nettavis)

Stikk innom og få  
eit gavekort i  
Bøgata 69, eller bestill på:  
tlf: 35 95 19 45  
e-mail: [abonnement@boblad.no](mailto:abonnement@boblad.no)



MURMESTER  
**ESPEDALEN**  
**MEIR ENN MUR**

**Tlf. 35 06 03 30**  
**[www.murmesterespedalen.no](http://www.murmesterespedalen.no)**



# FARGERIKE

*Bø Maling a/s*

Butikk: 35 95 13 50 E-post: [post@bomaling.no](mailto:post@bomaling.no)  
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: [john@bomaling.no](mailto:john@bomaling.no)



FOTOGRAF  
FOTOBUTIKK  
RAMMEVERKSTED

Gymnasbakken 6, 3800 Bø

Tlf. 35 95 02 12

Elite Foto Bø Fotosenter  
[www.bøfoto.no](http://www.bøfoto.no)

**elitefoto** [www.elitefoto.no](http://www.elitefoto.no)

KIWI S PRISLØFTET

VI GIR OSS  
ALDRI  
PÅ PRIS!

**KIWI** mini pris  
KIWI Bø  
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR **7-23**



# BØ AUTO AS

Verksted • EU-kontroll • Bilutstyr  
**BILUTLEIE** **35 95 02 75**

# VALO PUMPER AS

OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen  
vann- og avløspumper



**VALO Pumper AS** • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark  
Tlf. 911 01 000 • [olav@valopumper.no](mailto:olav@valopumper.no)

# Velkommen til gudsteneste!

DATO	TID	STED	TITTEL	PREKEN
12.12	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste. Ulf Vege preikar	Joh 5,31-36
19.12	11:00	Bø sjukeheim	Gudsteneste med nattverd	Matt 1,18-25
24.12	11.00	Bø sjukeheim	Julaftengudsteneste	Luk 2,1-10
24.12	14:30	Bø kyrkje	Julaftengudsteneste	Luk 2,1-20
24.12	16:00	Bø kyrkje	Julaftengudsteneste	Luk 2,1-20
25.12	11:00	Bø kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Joh 1,1-14
26.12	11:00	Jønnbu Fjellkyrkje	Familiegudsteneste	Joh 16,1-4a
02.01	11:00	Bø kyrkje	Nyttårsgudsteneste med nattverd	Joh 12,42-47
09.01	11:00	Bø kyrkje	Konfirmantpresentasjon	Joh 1,29-34
16.01	17:00	Bø kyrkje	Kveldsgudsteneste med nattverd	Joh 1,15-18
23.01	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 13,10-17
30.01	11:00	Jønnbu Fjellkyrkje	Familiegudsteneste 4 årsbok. Skileik for 4 og 5 åringer	Joh 5,1-15
06.02	17:00	Bø kyrkje	Fellesgudsteneste med nattverd/forbøn	Mark 13,21-27
13.02	11.00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste . Fastelavens. Give me five, Korskulen	Matt 13,24-30
20.02	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 9,28-36
27.02	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 18,31-34
02.03	18:00	Bø kyrkje	Askeonsdag; skriftemål og nattverd	Mark 2,18-20
06.03	17:00	Bø kyrkje	Kveldsgudsteneste .	Matt 26,36-45
13.03	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste	Luk 13,22-30
20.03	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 22,28-34
27.03	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 1,39-45
03.04	17:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Joh 6,24-36
10.04	11:00	Nes kyrkje	Fellesgudsteneste Palmesøndag	Joh 12,1-13
10.04	15.00	Bø kyrkje	Konsert Pasche luvinalis: påske for unge. Bø kyrkje kor, Søk m.fl	
14.04	11:00	Bø sjukeheim	Gudsteneste Skjærtorsdag med nattverd	Joh 13,1-17
14.04	17:00	Bø kyrkje	Kveldsgudsteneste Skjærtorsdag m nattverd	Joh 13,1-17
15.04	13:00	Bø kyrkje	Langfredagsgudsteneste	Joh 18,1-19,42
17.04	11:00	Bø kyrkje	1. påskedagsgudsteneste	Joh 20,1-10
18.04	11:00	Jønnbu Fjellkyrkje	2. påskedag-Familiegudsteneste	Joh 20,11-18



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø i Telemark

Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no

Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje, Kyrkjevegen 63, 3800 Bø i Telemark

FYLG OSS PÅ [bokyrkje.no](http://bokyrkje.no) // Bø kyrkjelyd